

Serviceerklæring SFO

Hildre Montessoriskule SA

Opningstider for skuleåret 2019/2020 er planlagt slik:

Vekedag	Før skuletid	Etter skuletid
Måndag	07.00-8.30	14.30-16.15
Tysdag	07.00-8.30	14.30-16.15
Onsdag	07.00-8.30	14.30-16.15
Torsdag	07.00-8.30	14.30-16.15
Fredag	07.00-8.30	13.30-16.15

SFO følger skuleruta.

Oppseiingsfristen er to månader, rekna frå den 1. i kvar måned. Når ein har takka ja til plass i SFO, gjeld reglane for oppseiingstid og betaling. Plassen kan ikkje seiast opp seinare enn 1. mars, med verknad frå 1. mai. Oppseiing/ending skal sendast skriftleg til skulen.

SFO-betaling pr måned hausten 2019(i 10 mnd. f.o.m. 15. aug. t.o.m. 15. juni):

ALLE betaler same sats: Kr 1250,-

For kjøp av enkelttimar for dei som ikkje har plass i SFO: 90 kr pr time.

Personalet ved SFO: Arnhild Engeseth, Andrea Rogne, Terese Bjørnøy,

Mobilnummer til SFO: 902 65 042

Mål og innhald.

SFO skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesse hjå barna.

Aktuelle aktivitetar kan vere:

- leik
- nærmiljø
- arbeidsoppgåver
- estetiske aktivitetar
- vaksenstyrte aktivitetar
- frie aktivitetar

Dagsrytme/rutinar:

07.00:	Alle kjem til SFO og blir registert. Leik/ faste aktivitetar inne.
08.35:	Alle forlet SFO og går til skulen
14.30: (Fredag 13.30)	Alle kjem til SFO og blir registert. Leik/ faste aktivitetar inne eller ute.
15.00:	Måltid
Etter mat:	Ute eller inne, etter ver og kva elevane har lyst til å gjere Tilbod om å gjere lekser.
16.15:	SFO stenger for dagen

Foreldresamarbeid:

Foreldremøte på hausten
Kontaktbok
Kontakt ved behov

Kva SFO forventar av foreldra:

- at de vil samarbeide med oss slik at barnet trivst i SFO
- at de aktivt søker informasjon og held dykk orientert om det som skjer i SFO
- at de set dykk inn i rutinar og reglar for SFO
- at de utrustar borna med høvelege klede og utstyr for ulike aktivitetar
- at de gir melding så tidleg som mogeleg når barnet er sjukt eller har fri frå SFO
- at de respektere opningstida i SFO
- at de gir **tilbakemelding** om kva de er nøgde med og kva de ønskjer skal bli betre.
- at de respektere tilsette si teieplikt

Kva foreldra kan forventar av SFO:

- at vi vil møte barn og foreldre med respekt og interesse
- at vi legg vekt på leik, glede og trivsel
- at vi er på plass i opningstida
- at vi er opne for gode idear
- at vi gir klare meldingar heim om endringar, turar osv
- at vi overheld teieplikta